



# *Ulstein Sokn*

## *Årsmelding 2018*

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2019/11



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*




Foto: Per Eide

Den Norske Kyrkja  
Ulstein sokn

Kyrkjekontoret  
Sjøgata 61 (Pb. 143)  
6067 Ulsteinvik  
Tlf.: 70 01 76 80

E-post: post.ulstein@kyrkja.no  
Facebook: Ulstein kyrkje


Nettside Ulstein sokn: [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
Nettside Ulstein nye kyrkje: [www.ulsteinnnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnnyekyrkje.no)



# Innhold

---

Saman på ferda .....	5
Ulstein kyrkje - ei aktiv folkekyrkje! .....	6
Kyrkjeleg årsstatistikk .....	7
Ulstein sokneråd .....	10
Tilsette i Ulstein sokn .....	11
Gudstenestene - saman for Guds åsyn .....	12
Gudstenesteutval .....	13
Misjon - saman om å dele evangeliet .....	15
Frivillig engasjement - saman om å bygge fellesskap .....	15
Diakoni .....	16
Byggeklossen Open barnehage .....	21
Kyrkjemusikk .....	22
Undervisning - saman i læring og praksis .....	26
Born og unge - saman for ein trygg oppvekst.....	32
Prestetenesta .....	34
Bygg og anlegg .....	36
Økonomi .....	39
Kontakter / Kommunikasjon.....	42



# Saman på ferda

---

*Å bygge ei open og forankra kyrkje for alle, i bygg og fellesskap, er eit fint, krevjande og meiningsfullt prosjekt: Saman på ferda – kyrkjebyggjarar i ulike båtlag i vår tid. Det er oss, og det er større enn oss.*



Foto: Per Eide

Å bygge for framtida er også å vere trufast i kyrkja sitt oppdrag om å forkynne evangeliet, forvalte sakramenta, gje sjeleomsorg, lindre naud, vise omsorg, bygge fellesskap, vikle ut livet i dåpen, lage felles mål, synge om ein himmel over livet frå vogge til grav - for mange, og på mange måtar, vere eit trufast reisefylge. Saman på livsferda. Vår tids sosiale utfordringar er knytt til mellom anna einsemd og miljø. Sjølv om vi er på internett med heile verda, kjenner mange på einsemd og meiningsløyse. Og har kyrkja noko å seie om plast i havet og om å bevare jorda og ressursane, slik at kloden vår vert leveleg for komande generasjonar?

Kyrkja sine møtestadar skal vere opne for alle, med ulik grad av det å høyre til. Nokon vil ha nært fellesskap med samtalegrupper og dype venskap. Andre vil gå jamleg til gudsteneste, mange gir av sine gaver i den frivillige tenesta, og andre igjen vil berre vere innom av og til. Nokon kjenner på deltaking ved medlemsskapet sitt. Ulstein kyrkje skal vere open for alle.

Samstundes treng vi at komande generasjonar får høve til å høyre til ved at ein vert døypt inn i fellesskapen. Kyrkja treng levande menneske som entrar kyrkjesskipet kvar søndag for å synge og be når vi deler fellesskap om Ord og Bord i gudstenesta. Kvar generasjon må kjenne sitt kall for å bidra til ein levande kyrkjelyd. Gleda og kreativiteten ved å høyre til og bidra er stor.

Vi arbeider aktivt med å vere kyrkje og gje tilbod til alle behov. Her er elsk fram ein kultur med samhandling innan organisasjonane. Ein er samhandlande og ikkje konkurrentar. Slik kan fleire finne fellesskap og sin plass innan mangfaldet. Kyrkja vert latterleggjort av nokon, men elsk av enno fleire. Kyrkja er oss, og ho er større enn oss. Kyrkja samlar oss, femnar oss og utfordrar oss. Kyrkja er Guds kyrkje og forankra i Jesus Kristus. Han som elskar oss og ved sin Heilage Ande er det bandet som bind oss saman og fullendar.

## Frå Ulstein sokn si visitasmelding.

**Bispevisitas**  
22.01 - 03.02.2019

# Ulstein kyrkje - ei aktiv folkekyrkje!

---

*Ulstein kyrkje er ei aktiv folkekyrkje gjennom eit mangfald av arbeidsformer og ulike aktivitetar. I 2018 var det blant anna eit blomstrande gudstenesteliv, ein fullbooka kyrkjelydsweekend på Fjellsetra, mange konserter og musikkarrangement - noko vel innarbeidd og noko nytt, innsamlingsaksjonen "Hjartevarme til jul" og ei målretta satsing på å involvere ungdom på leir og i ungdomsarbeid etter konfirmasjonstida.*



# Kyrkjeleg årsstatistikk

---

## Aukande medlemstal

Ulstein sokn kan glede seg over gode tal i kyrkjeleg årsstatistikk. Mange av dei som ikkje er medlemmar i kyrkja, er kristne som regelmessig og sporadisk nyttar kyrkja sine tilbod. Dei vert ikkje talde i denne statistikken (katolikkar, ortodokse, andre kyrkjessamfunn og religionar m.m.)

## Rikt gudstenesteliv

Vi har eit rikt og mangfaldig gudstenesteliv og prøver oss stadig ut med nye former og uttrykk. Eit høgare antal gudstenester trekk gjennomsnittet noko ned. Vi gleder oss imidlertid over eit blomstrande gudstenesteliv med ungdomsgudstenester, utegudstenester, forsøk med yogamesse m.m.

## Fleire vigsler i kyrkja

Ulstein har framleis vederlagsfritt tilbod om vigsel for alle medlemmer, og vi ser med glede at til trass for liberaliseringa av vigselsretten, så vel ein i aukande grad å vie seg i kyrkja. Det er også opning for å vie seg utandørs etter avtale. Dei som er vigd for offentleg styresmakt, kan ha forbøn/velsigning i kyrkja.

## Stabile dåpstal

Det var totalt 61 dåpshandlingar i Ulstein kyrkje i 2018. Av desse var 57 busette i Ulstein sokn. 6 born som er busette i Ulstein sokn, hadde dåpssamtale her, men er døypte i andre kyrkjer. Vi beheld gode dåpstal, samtidig som nasjonale trendar viser nedgang i dåpstal.

Ulstein kyrkje har gode tal og mange medlemar. Vi treng alle og er glade for kvart medlem. Alle trus- og livssynsamfunn får tildelingar etter medlemstal, så vår drift er avhengig av at folk er medlem. Dåp er einaste kriterium for medlemskap i Den norske kyrkja. Vi vonar og ser at mange vil føre den gode tradisjonen med dåp og medlemskap vidare.

Inntil 1.10.2018 mottok Ulstein kyrkjekontor fødselsmeldingar fra Folkeregisteret når medlemmar i Den norske kyrkja fekk barn. Då vi ikkje lenger får desse meldingane, vil vi ikkje lenger kunne sende invitasjon til dåp direkte til desse familiene slik vi gjorde tidlegare, så foreldra må sjølve må ta kontakt for informasjon om og registrering til dåp.

Dåp og trusopplæring gjev borna naudsynt erfaring og kunnskap til sjølve å velje kva dei vil tru på når dei vert vaksne. Då er det viktig at ein legg til rette for at borna kan ta dette valet på eit godt grunnlag. Kyrkja er open for at også born som ikkje er døypte kan få ta del i trusopplæring. Foreldra til desse borna må sjølve ta kontakt for å få informasjon om desse tilboda.


Vi ser med glede at vaksne også vil bli døypt og høyre til kyrkja. Dette skjer i eigne samlingar eller i vanlege gudstenester. Kyrkja har på ulike vis også støtt menneske frå seg, og vi erfarer at samtaler og høve til forsoning også fører til at ein vil melde seg inn att.

*Tidlegare fekk kyrkja fødselsmeldingar fra Folkeregisteret når medlemmar i Den norske kyrkja fekk barn. Det får vi ikkje lenger. Difor kan vi ikkje sende ut invitasjon til dåp slik vi tidlegare gjorde. Foreldre må sjølve ta kontakt for informasjon og for å melde inn dåp.*

**Tabell 1: Utdrag av kyrkjeleg årsstatistikk**


	2014	2015	2016	2017	2018
Medlemar og tilhørende i DNK	6521	6558	6523	6588	6622
% medlemar i den norske kyrkja	78,6%	77,8%	77,1%	77,0%	77,0%

**Utvikling 2014 - 2018: Befolking vs medlemar DNK**



Innmelde i DNK	1	3	8	13	4
Utmelde frå DNK	16	41	63	28	20
Døypte nyfødde som bur i Ulstein sokn	78	79	58	72	57
% døypte av fødde registrert i Ulstein	75%	79%	81,7%	67,9%	68%
Dåpshandlinger i soknet	82	79	65	75	61
Konfirmerte i kyrkja	107	111	91	102	92
% konfirmerte av 15-åringar (døypte og tilhøyrande)	-*	100,9%	95,8%	91,1%	93%
Gravferder	48	40	56	34	54
Kyrkjelege vigsler	6	12	12	14	15


**Kyrkjelege vigsler i Ulstein 2014 - 2018**



\* % for 2014 er ikkje berekna, då vi ikkje har antal tilhøyrande for denne gruppa.

	2014	2015	2016	2017	2018
Antal gudstenester totalt	80	73	84	81	86
Deltakrar, gudstenester totalt	15639	15020	15544	15310	15126
Gjennomsnitt pr. gudsteneste	195	206	185	189	176

Utvikling 2014 - 2018: Gudstenester i Ulstein



Antal gudstenester, søn- og heilagdagar	60	57	61	60	61
Deltakrar, gudst. søn- og heilagdagar	13773	11249	12871	12889	11761
Gjennomsnitt deltarar pr. gudsteneste	229	194	211	215	193
Gudstenester utanom søn- og heilagdagar	20	16	23	21	25
Deltakrar, gudst. utanom søn- og heilagdagar	1866	3771	2673	2421	3365
Gjennomsnitt deltarar pr. gudsteneste	93	236	116	115	135
Antal gudstenester med nattverd	56	50	53	63	62
Deltakrar, gudstenester med nattverd	5806	4835	5478	5579	5418
Antal familie- og barnegudstenester	11	10	12	11	12
Deltakrar, familie- og barnegudstenester	2282	2190	2958	2630	3003
Antal gudstenester for barnehagar	3	3	3	3	3
Deltakrar, gudstenester for barnehagane	355	338	338	278	260
Antal gudstenester for skuleelevar	3	3	3	3	3
Deltakrar, gudstenester for skulane	1203	1284	1181	1188	1194
Antal gudstenester for ungdom	8	7	10	12	14
Deltakrar, ungdomsgudstenester	2335	1834	2067	2269	2733
Julaftangudstenester	2	3	4	3	3
Deltakrar, julaftangudstenester	878	963	1123	1131	1028
Andakter på institusjon eller aldersheim	78	80	80	76	72
Økumeniske gudstenester				1	1
Offer/kollekt i kyrkja	385.103	343.579	450.075	417.025	389.131
Gjevarteneste	16.200	14.500	1.359.761	987.400	1.171.750
Andre innsamlingar	86.159	109.075	129.911	215.000	209.772
Innsamlingar totalt	487.462	467.154	1.939.747	1.619.425	1.770.653
Fasteaksjonen	119.999	109.075	129.911	90.667*	124.129

\* Talet for 2017 er lavt grunna at gåver gjøye via Vipps gjekk direkte til Innsamlingsaksjonen sentralt. Rutina vart endra i 2018, slik at gåver gjøye via Vipps vart registrert på Ulstein.

# Ulstein sokneråd

---

## Ulstein sokneråd/Ulstein kyrjelege fellesråd 2015-2018

### Medlemar:

1. Annelise Kleven Godø
2. Lars Osnes Fiskerstrand
3. Knut Einar Tokheim
4. Hennie Anett Viseth
5. Hannelore Måseide (permisjon hausten 2018)
6. Liv Osnes Dalbakken
7. Susanne Gamlem
8. Inger Margrethe Roppen
9. Sokneprest Margit Lovise Holte

Sokneprest i Hareid, Leidolv Grimstad er vara for soknepresten i Ulstein

### Varamedlemar:

1. Arne Sivertstøl
2. Ingvill Merete Kolshus Hopland
3. Peder Kristian Heimland
4. Karianne Sveen Orvik
5. Tørris Hegdal

### Konstituering:

**Leiar:** Annelise Kleven Godø

**Nestleiar:** Lars Osnes Fiskerstrand

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

**Ulstein kommune sin representant i kyrkjeleg fellesråd:** Ordførar Knut Erik Engh

**Kommunal vararepresentant:** Steinar Torvik

**Arbeidsutval:** Annelise Kleven Godø, Lars Osnes Fiskerstrand, Hannelore Måseide og Margit Lovise Holte

**Varamedlemar:** Inger Margrethe Roppen, Liv Osnes Dalbakken

**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

### Kontaktpersonar:

- |                         |                        |
|-------------------------|------------------------|
| Kirkens SOS:            | Inger Margrethe Roppen |
| Kirkens Nødhjelp:       | Knut Johan Rønningen   |
| Det norske Bibelskap:   | Kateket Bjørn Losvik   |
| Komite for kyrkjekaffi: | Diakoniutvalet         |

## Saker fellesrådet og soknerådet har arbeidd med i 2018

- Strategiske satsingar for kyrkjelyden:  
(1) Frivillighet, (2) PR og informasjonsflyt, (3) Aktivitetstilbod etter gudsteneste
- Omorganisering og nedbemannning etter kutt i tildeling for Byggeklossen open barnehage
- Dåpsliturgi
- Oppnemning av styrerepresentant i Ulstein Frivilligsentral
- Vedlikehald av Ulstein kyrkje
- Oppnemning av Leiar og kunstfagleg rådgjevar i kyrkjekekunstkomité for Ulstein nye kyrkje
- Søknad om lånegaranti for bygging av Ulstein nye kyrkje
- Førebuing bispevistas
- Diakoniplan for Ulstein sokn
- Liturgisk musikk i gudsteneste
- Aksjon Hjartevarme til jul
- Kyrkjeoffer for 2019
- Gudstenesteplan og semesterplan
- Budsjett og rekneskap
- Oppnemning av nominasjonskomiteen til soknerådsval

# Tilsette i Ulstein sokn

---

## Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%
Kapellan	Jørgen Skogestad Kleiven	80% (20% prostesekretær)

## Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverje:	Christfried Kaul	100%
Sekretær:	Johanne Krogstadmo	80%
Kyrkjetenar/k.gard.:	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjegardsarbeidar:	Sarunas Simanavicius	50%
Kantor:	Ståle Helvig	100%
Diakon:	Ranveig Kaldhol	100%
Kateket:	Bjørn Losvik	100% (20% permisjon våren 2018)
Trusopplærar:	Wendi Stråbø	100% (60% frå 01.07.2018)
Pedagogisk leiar barnehage / barne- og ungdomsekretær:	Beate Mjøen Berg	90% (permisjon frå 01.07.2018)
Assistent barnehage:	Nicoleta Munteanu	30% (fram til 30.06.2018)
Assistent barnehage:	Greta Håkonsholm	20% (fram til 30.06.2018)
Klokkar:	Inge Kaldhol	timebasert
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	31,6%

## Prosjektstillingar:

Ungdomsarbeidar	Ruben Voldsgård	10%
-----------------	-----------------	-----

## Vikarar:

Ungdomsarbeidar	Ruben Voldsgård	10%
Vikar barnehage	Elina Escobar	24%
Vikar barnehage	Beate Ulstein	14%
Vikar trusopplæring:	Johanne Krogstadmo:	20%

I tillegg er det nytta vikarar for organist, kyrkjetenar og klokkar ved enkelte høve. På kyrkjegarden var sommarhjelp framleis ein viktig ressurs sjølv om vi brukte dei i mindre omfang enn før.

## Vurdering

Det er eit inspirerande arbeidsfellesskap i Ulstein sokn, med eit godt klima for å utvikle og gjennomføre nye aktivitetar og tiltak som team. Ein stabstur i april har inspirert staben og gitt ny motivasjon i arbeidet.

Arbeidstempoet er høgt og oppgåvene er mange og dei veks i takt med at kyrkjelyden både får nye medlemar og nye oppgåver.

Arbeidssituasjonen i til dels krevjande lokale, aktivitetar fordelt på fleire lokale i kommunen, og utsetting av vedtak for bygging av ei ny kyrkje, er slitasjefaktorar i arbeidskvardagen for dei tilsette.

# Gudstenestene - saman for Guds åsyn

*Gudstenestene er levande møtestadar med vakker musikk, samvær med andre menneske, Guds nærvær, ro og tid til ettertanke, samt glede og gode smil. Gudstenesta opnar kyrkjedøra i oss, nærer vår sjel og har eit språk som kan håp, kraft og kjærleik.*



I 2018 gjennomførte ein anonym journalist ei vandring gjennom ulike gudstenester i Oslo med meldingar og terningkast. Ho konkluderte med at gudstenester er betre enn sitt rykte. Å høre til handlar også om å kjenne til, finne meinings og livstolking i gudstenesta som kyrkja si hovudsamling med åndeleg fellesskap, tilbeding og teneste. Det gleder oss at born og unge frimodig tek del i gudstenester og er dei fyrste som kjem til nattverdbordet. Slik viser dei veg for mange vaksne og eldre. I ei tid hektisk tid er ro og kontemplasjon viktig, men også i ei samtid der mange kjenner på einsemd er kyrkja si gudsteneste med påfølgande kyrkjekaffi ein open og sosial møtestad for menneske på tvers av alder og sosial status. Kulturskatten og den kristne kulturarven er levande møtestader med vakker musikk, samvær med andre menneske, Guds nærvær, ro og tid til ettertanke, samt glede og gode smil. Gudstenesta opnar kyrkjedøra i oss, nærer vår sjel og har eit språk som kan håp, kraft og kjærleik.

Mange er glade for at kyrkja finst, og at ho er der når vi treng henne. Ved minnesamvær på bedriftene og i kriseteam etter tragiske dødsfall, som tilbod om kompetanse i skule og barnehagar, i trusopplæring, i samfunnsdebatten og når to skal gje kvarandre sitt ja. Det er utrykk for tillit og kjærleik at ein mest tek kyrkja for gitt. Samstundes er det sårbart. Prestar og kyrkleleg tilsette er attraktiv arbeidskraft og i dei komande åra vil det vere utfordrande å få utdanna og kompetent arbeidskraft til stillingar i mindre sokn. Kyrkja sine tilsette skal utføre eit stort arbeid med svært små ressursar. Vi er avhengige av politikarar som stellar godt med henne. Kyrkja skal vere ei landsdekkande folkekyrkje seier Grunnlova, og difor skal det vere tilbod over heile landet.

Vi har ei flott og vital kyrkje i Ulstein, men vi er avhengige av at vi vernar om den ...

- ... at folk døyper borna sine og la dei vere medlem.
- ... at folk møter opp til gudsteneste, slik at dåpsborna vert tekne imot i ein fellesskap.
- ... at borna våre ikkje vert framande for gudstenesta, åndeleg liv og fellesskap. At borna får delta i trusopplæring og konfirmasjonsundervisning, slik at dei lærer den kristne trua.
- ... at vi omtalar kvarandre med respekt og tek avstand fra marginalisering, latterleggjering og utdaterte fordomar.
- ... at vi deler av vår tid og våre pengar, slik at det er mogleg for kyrkja å bidra til å lindre naud og ha driftsmidlar til det frivillige arbeidet.
- ... at vi får fysiske rom nok til å utføre arbeidet vårt etter gjeldande krav og lovverk.

Eit mangfoldig og livssynsope samfunn krev at vi anerkjenner og tek imot kvarandre ope og fordomsfritt, og samstundes at vi evnar å ivareta og bere vidare den kristne kulturarven som berande for vår identitet gjennom den kristne og humanistiske arven og trusgrunnlaget.

Kyrkja sin visjon er: «Meir himmel på jorda». I dei komande 4 åra er nasjonale mål for Den norske Kyrkja at: **Gudstenestelivet blomstrar, fleire søker dåp og trusopplæring, kunst og kulturuttrykk skal vere ein del av kyrkja sitt liv, at kyrkja skal engasjere seg i samfunnet, at fleire finn sin plass i kyrkja sitt arbeid, at kyrkja skaper trygge rom, og at kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon.** Saman bidreg vi alle til å verkeleggjere desse måla.

*På vår stad, i vår tid, bidreg vi til at Ulstein kyrkje kan skape «Meir himmel på jorda».*

## **Gudstenesteutvalet har i 2018 hatt fylgjande medlemer:**

Karianne Orvik  
Margareth Vikebakk  
Trond Berg  
Margit Lovise Holte  
Jørgen Skogestad Kleiven  
Ståle Helvig  
Inge Kaldhol

## **Utvalet sitt arbeid**

To gongar i året samtalar utvalet om gudstenesteplanen for neste halvår, der nokre detaljar rundt gudstenestene vert diskutert. Møta i 2018 vart halde 10. april og 17. oktober.

I 2018 har vi hatt evaluering av den liturgiske musikken, etter at kyrkjerådet vedtok innstramming i val av musikk for å få dette meir likt i alle kyrkjer. Til ordninga for familiegudstenester var ikkje alle alternativ klare, og utvalet må ta opp igjen arbeidet med dette i 2019. Noko av den liturgiske musikken som ikkje er tenkt å vere med vidare, ynskjer utvalet at me søker biskopen om dispensasjon for å bruke, då den er godt innøvd og fungerer godt i kyrkjelyden vår.

Utvalet vedtok ny plassering av prosesjonslysa, mellom lesepult og trappa opp til preikestolen. Bakrunnen er at når det er kor i korttrappene sto prosesjonslysa rett bak dei som syng, og i jula står julekrybba på denne plassen.

Utvalet har prøvd å få i gong gudstenestegrupper som skal vere med å planlegge og gjennomføre ei gudsteneste. Dette har utvalet ikkje lukkast med så langt.

Oppslutninga om gudstenestene er framleis god. Dåpsfamiliane tek utfordringa med å lese tekstane i dåpsliturgien og å tende dåpslyset.

Vi er ein nattverdsfeirande kyrkjelyd, og det er flott å sjå at mange brukar dei 2 nattverdstasjonane me har i dei fleste gudstenestene. At vi i mange gudstenester inkluderer ekstra song og/eller musikk-krefter gjev variasjon og inspirasjon i gudstenestelivet, og det høyrest godt at kyrkjelyden tek del i liturgi og salmesong. Det synest vere ein tendens at oppmøtet er godt når det gjeld gudstenester retta mot særskilde grupper, og dei er det heldigvis mange av. Elles synest det vere ein liten nedgang i den faste flokken.

Gjennom året er det mange frivillige medarbeidarar som tek del i kvar gudsteneste med oppgåver som medhjelpar, kyrkjevert, tolk, nattverdutdelar og kameraansvarleg for overføring av gudstenesta til Ulshaug, Holsaker og Alvehaugen og nokre gongar når me veit det vil bli fullt i kyrkja; ekstra vakter, ved trappa på galleriet og ved sideinngangen.

Ei gruppe born er kyrkjesvaler, og tek del i prosesjon, tener lys, gjev dåpshanddukar og samlar inn kollekten. Dei litt større borna er også med og les bøner og bibeltekstar. Nokre av desse største borna er nokre gongar også med å delar ut nattverd. Ordninga med desse medhjelparane under gudstenesta fungerer godt. Borna synes det er fint å være med.

Det ser ut til at vi har ein god struktur på dette, men vi ynskjer også fleire personar som kan stille opp. Å rekruttere nye medarbeidarar er ei utfordring.

Nokre av dei som har vore med som tolk sidan me starta opp, har no takka for seg og vi er no 4 personar som delar på tolkinga. Her skulle vi hatt fleire.

*Har du lyst til å være medhjelpar, kyrkjevert, tolk, kamera-ansvarleg - eller kanskje dåpsvert? Vi vil gjerne ha deg med - så ring, mail eller stikk innom for ein prat!*

# Misjon - saman om å dele evangeliet

---



*Den stadig meir fastlåste situasjonen i Midtausten har kome oss nærmare, både gjennom media og ikkje minst gjennom den auka straumen av flyktningar til Europa. Vi høyrer og les om krig, borgarkrig, forfølging, drap, tortur, truslar og tvang. Både lokal og internasjonal innsats for fred mislukkast i større eller mindre grad. Mange har flyktet. Andre ynskjer å flykte, men klarer det ikkje. Nokre vel å bli, men ber dei som flyktar om å fortelje. Kyrkjer i desse landa har aukande forfølging av kristne.*

## Midtausten

Ulstein sokn held fast ved sin misjonsavtale med NMS med fokus på Midtausten. Den viktige satsinga er Sat7. Sat7 har 25 millionar sjåarar i den arabiske verda og skapar såleis ein kristen TV-kyrkjelyd. Mellom anna lagar dei skuleprogram for born i flyktningeleirar, der biletet til venstre er henta frå. <http://sat7.org/our-channels/channel-overview/sat-7-kids>. Andre satsingsområde i Midtausten er sal av biblar og å styrke kvinner sine rettar.

## Kambodsja

I regi av Misjonsalliansen vart misjonærane Karen og Anders Myrene med borna deira, Elias, Mathias og Johannes, sendt ut til Kambodsja i desember 2015. Ulstein kyrkjelyd støttar dette formålet gjennom kollekt på gudstenester og vil videreføre dette i 2019.

## Lokalt arbeid

Det er mange foreiningar i Ulstein sokn som er knytt til Det Norske Misjonsselskap. Barneforeininga i Ulsteinvik sentrum er ikkje lengre aktiv, men arrangerte både påskeverkstad og juleverkstad i 2018.

Barne- og ungdomsarbeidar Gunnhild Bremer deltok 2 gongar på arrangementet "Endeleg Torsdag", for å fortelje om misjonsprosjektet vårt.

Kristin Norset frå Det Norske Misjonsselskap deltok på ei gudsteneste og på ein "Torsdagskveld på Fredheim" hausten 2018.

# Frivillig engasjement - saman bygge fellesskap

---

Den største ressursen Ulstein sokn har, er dei mange frivillige som engasjerer seg i arbeidet på ulikt vis:

Planlegging og gjennomføring av gudstenester	299
Barnearbeid / trusopplæringstiltak 0-12 år	87
Ungdomsarbeid / trusopplæringstiltak (13 år og eldre)	177
Diakoniarbeid	75
Kultur- og konsertrangement	543
Komit�- og utvalsarbeid	31

Ulstein sokn har kontinuerleg jobba med ungdomar over konfirmasjonsalder for å bli frivillige leiarar på konfirmantleir. På kvar konfirmantleir er det 10-15 ungdomsleiarar som er med å gjennomf re leiren.

I 2018 har Ulstein sokn inng tt eit samarbeid med AIDO som leverer ein app for å registrere frivillige og publisere oppg ver for frivillige. Vi ser at dette er eit godt hjelpemiddel som kan lette arbeidet med ´kontakte frivillige. Vi har ikkje kome så langt at mange nok har registrert seg slik at appen fungerer som ei god avlasting, men vi  nskjer å jobbe vidare med dette.

Frivillig arbeid er eit uttrykk for å h yre til i ein fellesskap, s  relasjonane og nettverka som blir skapt gjennom frivillig arbeid er vel så viktig som det at sj lve oppg va vert utf rt. Å bygge relasjon og nettverk gjennom frivillig engasjement er ei viktig oppg ve for dei tilsette.

# Diakoni

*Saman på ferda er Ulstein sokn sin visjon og saman vil vi la den diakonale tanke være sentral i alt vårt virke både i gudstenesta, trusopplæringa, korarbeid, møte med menneske i sorg og krise og i fellesskapsfremmande tiltak.*



**Vi har ein diakoniplan som synleggjer det diakonale arbeidet i Ulstein sokn. Den er tufta på dei fire søylene i den norske kyrkja sin plan for diakoni:**

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Kamp for rettferd
- Vern om skaperverket

## Nestekjærleik

### Stille time

Vi har som mål å legge til rette for at menneske kan hente styrke og hjelp i relasjonen til Gud. Vi ønskjer å gje rom for stille og kvile og tid til bønn og ettertanke. Difor er Ulstein kyrkje open tysdag til fredag frå kl 08:30 til 16:00, slik at dei som vil kan setje seg ned å ha ei stille stund. 2 kveldar i månaden er det og høve til å kome i kyrkja på kveldstid til "Stille time". Her er det skriftlesing, musikk, høve til forbøn eller berre å sitje i stilla. Frå hausten 2018 var det kveldsbøn etter keltisk tradisjon ein gong kvar månad. Det er Elsa Sæter, Astrid Viseth, Bjørg Allis Hånes og diakonen som er ansvarlege. Eldar Husøy har spela piano når det er keltisk kveldsbøn.

### Samtale og sjelesorg

Både prestane og diakonen er tilgjengelege for samtale og sjelesorg og mange nyttar tilboden.

### Sorggruppe

Det vart hausten 2018 starta opp ny sorggruppe saman med Hareid sokn.

### Allehelgensamling

Laurdag før helgemesse var alle som hadde mist nokon siste året invitert til ei samling i kyrkja der ein kunne minnast dei som var gått bort, tenne lys og der namna til dei avlidne vart lest opp. Birgitte Vik Wymer song vakkert og rundt 70 personer deltok.

### Ringblomen

Dette er ei sosial samling på Bygdastova første måndag i kvar månad. I 2018 var det 8 samlingar. Talet på deltakarar har minka siste året, og no er det rundt 20 som kjem medan det tidlegare var over 30. Grunnen til nedgangen veit vi ikkje, men generelt har aktiviteten på bygdestova minka. Sjølv om det er få som kjem set dei som er der pris på det. Dei frivillige er Aasmund Tandstad, Endre Havåg, Astrid Haddal Ryssevik, og Torstein Aksnes.

### Samling for eldre av eldre

Under Trebåtfestivalen var det ei samling for eldre frå sjukeheimen og Bygdastova i kyrkja. Der er det eit godt samarbeid med sjukeheimen om transport. På

samlinga var det eldre som song, las dikt og spela på eit instrument. Det er flott når ein mann som kroppsleg er blitt svak syng med kraftfull røyst. Etterpå var det enkel servering. 46 eldre deltok.

### Aksjon Hjartearme

Nykyrkjekarane organiserte før jul matinnsamling i ein aksjon kalla "Hjartearme". Diakonen og soknepresten sto for kontakt med dei som ønska mat og utlevering. 47 husstandar takka ja til tilboden og det var flott å sjå kor rause folk i byen var med å gje, og at hjelpa gjekk til dei som trengte det. Dei som fekk kasser var svært takksame!

### Heimebesøk

Diakonen går på besøk til ein del eldre som bur heime. Det er ein viktig del av arbeidsoppgåva og er i samarbeid med andre etatar. Vi har vidare som mål å lage møteplass for heimeverande med små born og for nye i bygda (utlendingar og norske utan barnehageplass) Open barnehage og Babysong er viktige tiltak for denne gruppa. Dette er omtala i eige kapittel.

### Lunsjbøn

Frå hausten 2018 har vi og hatt lunsjbøn i Ulstein kyrkje ein onsdag kvar

## **Ulstein sokn har diakon i 100% stilling og eit diakoniutval som består av:**

Inger Margrethe Roppen,  
Tørris Heggdal og Anne Marie  
Hopland.

månad. Då er det ei kort samling med ein enkel liturgi i kyrkja først, og så et vi lunsj saman etterpå, også det i kyrkja.

### **Inkluderande fellesskap**

#### **Overføring av gudsteneste**

Vi ser det som særskilt viktig at gudstenestefellesskapet opplevast inkluderande og inviterende. Gudstenestene vert overført til sjukeheimen og bygdestova, med enkelte tekniske utfordringar i 2018, slik at det ikkje virka ei stund. Det er også ei utfordring at ikkje alle tilsette på sjukeheimen prioriterer sendingane for dei som ønskjer det.

#### **Tolketeneste**

Det er kvar søndag tilbod om tolking til engelsk og tekstane som blir lesne vert gjeven til flykningane på ein lapp i forkant av gudstenesta, slik at dei kan slå opp tekstanane i eigen bibel.

#### **Andakter**

Utover gudstenestene vil vi gje eit åndeleg tilbod til dei som ikkje så lett kjem seg til kyrkje og nesten kvar torsdag er det andakt på sjukeheimen og Bygdastova. Det vart, av dei tilsette på kyrkjekontoret, halde 72 andakter på desse institusjonane. I tillegg vart det halde gudstenester begge stadar, samt i Holsekerdalen 20.

#### **Gudsteneste med universell utforming**

To gonger kvart år har vi gudstenester med universell utforming. Dette er gudstenester der dei med psykisk handikap og funksjonshemmning er særskilt inviterte. Det kjem og folk frå Volda og Herøy. På gudstenesta i juni var det 69 til stades og på gudstenesta i desember var det 56.

#### **Internasjonal kvinnegruppe**

Gruppa har faste møter annakvar tysdag. Dette er eit sosialt og åndeleg tilbod til innflyttarkvinner. Vi møtast i heimane og det er en viktig arena også for å gi informasjon om det som skjer i samfunnet vårt både nært og nasjonalt. Før jul og før påske byd vi inn til hobbykveldar kor me lagar pynt til hus og heim. På desse samlingane kjem rundt 20 personar, elles er det mellom 12 til 18. Sonja Kaldhol, Anne Marie Hopland og Elsa Sæter er med på å drive gruppa. Vi hadde i 20 samlingar i 2018.

#### **Endeleg torsdag**

Endeleg torsdag er eit nyare konsept. I samarbeid med SUFH har vi kunna tilby rimeleg middag ein gong kvar månad på haust og vinter. Frå hausten flytta vi samlinga frå SUFH til Fredheim. Opplegget er under utprøving og tilrettelegging, og vi prøvar no å tilby borna leksehjelp slik at dei kan kome rett frå skulen. Etter middag kan borna gå på diverse aktivitetar, til dømes Tween Sing.

#### **Kyrkjelydstur**

Nytt av året var kyrkjelydshelg. Ei flott helg vart det for dei 65 som var med - denne gong mest familiar med yngre born. Utfordringa vert å finne ein større stad, der vi kan få med fleire, og også dei som har økonomiske utfordringar.

#### **Kyrkjelydens sommarfest**

Vi hadde tradisjonen tru ein sommarfest på Kjeldsund. Gudstenesta var og på Kjeldsund og totalt var 230 personer innom den dagen.





### **Internasjonal julefest**

Det vart og arrangert internasjonal julefest der rundt 60 personer tok del.

### **Kyrkjekaffi**

Kyrkjekaffi er ein fin plass for eit inkluderande fellesskap, anten ein er ny i byen eller ein ønskjer å treffe andre. Her stiller mange frivillige opp med å bake og lage til. Mellom 50 og 70 kjem på kyrkjekaffi kvar søndag.

*Har du lyst til å vere med å hjelpe til med å lage til kyrkjekaffi - ofte eller av og til? Ta kontakt med diakon direkte eller kyrkjekontoret.*

### **Vern om skaparverket**

Kyrkjelyden arbeider med den bibelske forståing av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det. Ulstein kyrkjelyd er en grøn kyrkelyd og det forpliktar. I gudstenesta på Høgåsen feirast skaperverkets dag. Som kyrkjelyd ønskjer vi og å skape bevisstheit gjennom trusopplæringsstiltaka. Borna i 1. og 2. klasse blir invitert til to samlingar - ei om våren der dei får setje poteter og ei etter ferien der dei haustar. Det er knytt undervisning til desse dagane.

### **Kamp for rettferd**

Som kyrkje er vi utfordra til å arbeide med rettferd og menneskerettar i eit globalt så vel som eit lokalt perspektiv. Vi ønskjer å formidle haldningar som er inkluderande og aksepterande.

Vi står rettferdsarbeid globalt gjennom misjonsprosjektet vårt i Midtausten, der vi mellom anna er med å gje barn i flyktningeleirar skulegang via TV, Sat7 Academy, og helseklinikk for fattige i Kairo. I konfirmantundervisninga får dei lære om rettferd og menneskerettar gjennom undervisning og handelsspelet. Konfirmantane er engasjert i Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og i 2018 kom det inn kr 124.129.

Frivillige i kyrkjelyden brukar tid på å hjelpe og rettleie asylsøkjarar i deira prosess og hjelper dei å forstå brev og informasjon dei mottek.

*Som kyrkje er vi utfordra til å arbeide med rettferd og menneskerettar i eit globalt så vel som i eit lokalt perspektiv. Vi ønskjer å formidle haldningar som er inkluderande og aksepterande.*

## *Foreldre og barn -Saman i barnehagen*



## Opningstider

Barnehagen, nede på Fredheim:  
Tysdag og torsdag  
kl. 10:00 - 14:00

Babysong, oppe på Fredheim:  
Annakvar torsdag,  
kl. 12:00 - 13:00

## Byggeklossen Open Barnehage

Byggeklossen Open Barnehage er framleis ein viktig del av soknet sitt arbeid og leverer ei viktig teneste for Ulstein kommune. Byggeklossen open barnehage er den einaste opne barnehagen i kommunen der barn og foreldre tek del i tilbodet saman. Dette gir både kvalitetstid for barn og vaksne saman, og med kvarandre. Tilboden er ope og fungerer utan påmelding eller tildeling av plass på førehand. Mange som bruker Byggeklossen Open Barnehage gjer dette regelmessig for ei avgrensa periode, men mange også sporadisk med barn i ulik alder. Variasjonen i besøkstalet kan vere ganske stort. Barnehagen fylgjer skuleruta, og held stengt i skuleferiane.

Byggeklossen har både årsplan og semesterplan, er regulert av Lov om barnehagar, og Rammeplan for barnehagar, og er drive etter utvida kristen formålsparagraf. Ved sida av det pedagogiske tilbodet med formingsaktivitetar, samlingsstunder, song, forteljarstund og presentasjon av nokre bibelfortellingar er kontaktskapning og nettverksbygging eit unikt bidrag frå Byggeklossen Open Barnehage for mange som er nye i samfunnet. Mange brukarar fortel at det er i Byggeklossen dei blei kjent med andre foreldre og fekk god hjelp med å kome inn i Ulsteinsamfunnet.

Ca. 10 frivillige pensjonistar stiller på turnus i barnehagen med å ta i mot brukarar, registrere borna, vere dørvakt og hjelpe til med nokre praktiske oppgåver. Diakonen møter regelmessig i barnehagen og har fokus på barnefamiliar, pensjonistar og innvandrarar slik at barnehagen blir ein samhandlingsarena for både kyrkjelyd og samfunn.

Byggeklossen har samarbeid med barnehagesektoren i kommunen, asylmottaket, distrikts-tannklinikken og helsestasjonen.

### Babysong - ein god start for foreldre og born

I samband med nokre av opningsdagane i barnehagen blir det også arrangert det populære trusopplæringstilboden Babysong. Sosialisering, relasjonsbygging, språkutvikling, musikkglede og godt fellesskap har vore tanken bak å tilby dette som ein del av barnehagens arbeid. Fokuset er samspel foreldre-barn og skal samtidig være et tiltak for å knytte relasjon til kyrkja og andre i same livssituasjon. Vi vil satse meir på Babysong (oppe på Fredheim) i 2019 ved å engasjere musikkpedagog Kari Aske Osnes.

### Bemanning

Våren 2018 har Ulstein sokn gått gjennom ein omfattande omorganiserings- og nedbemanningsprosess på grunn av ei sterkt redusert tildeling av tilskot til å drive Byggeklossen Open Barnehage. Vi måtte redusere tilboden og organisere tilboden på nytt med færre tilsettressursar enn før. Sidan påske 2018 hadde Byggeklossen Open Barnehage ope berre 2 dagar i veka.

Eit samarbeidsutval med 2 representantar frå brukarane, sokneråd, administrasjon og tilsette har eit årleg møte for å godkjenne årsplan i samsvar med Rammeplan og Lov om barnehagar.

Leiaren for barnehagen har studiepermisjon frå haust 2018 av og det er engasjert to vikarar for arbeidet.

Det møtte i gjennomsnitt 12 barn per opningsdag i 2018.

# Kyrkjemusikk

*Musikk i kyrkja engasjerer bredt. Omlag 3200 besøkande kom på konsertar som vart arrangert i kyrkja i løpet av 2018. 199 frivillige aktørar over 15 år har vore med å bidra musikalsk gjennom kor, band eller med soloinstrument i gudsteneste. I tillegg kjem alle barn og unge under 15 år som har vore aktivt med (t.d. barnekora i Ulstein sokn). 543 har vore med på planlegging og gjennomføring av konsert i kyrkja. Samspelet mellom musikken, bodskapen og kyrkerommet opnar for opplevingar mange sett pris på.*

*Saman til Guds ære og glede for kvarandre*



**Song/musikk/kulturarrangement  
i Ulstein kyrkje 2018**

- 11.01 Teater/drama - Lutherspelet v/tilsette i Ulstein sokn
- 14.02 Konsert - Elvis gospel
- 15.03 Salmekveld - Eyvind Skeie/  
Ståle Helvig/Hemingen
- 21.03 Konsert - Gospelkoret
- 28.03 Orgelkonsert - Ståle Helvig
- 07.04 Konsert - Jubileumskonsert med tidlegare og  
noverande songarar i Ulstein Tensing
- 26.05 Konsert - Gospelkoret og Redeemed
- 04.06 Musikkandakt - Lakris/Korklubben
- 07.06 Konsert - Ulstein Mannskor og gjestekor
- 23.08 Konsert - For/med eldre
- 24.08 Konsert - «Frå pub til Katedral»  
v/ Sindre Løvik m. fl.
- 20.10 Konsert under Alive-festivalen
- 28.10 Konsert m/ elevar/lærarar frå  
Viken Folkehøgskule
- 04.11 Konsert - Jazz og Koral/Damekoret Lyst
- 10.11 Konsert - Ulf
- 24.11 Gospelkonsert - UlsteinTensing med gjestar
- 29.11 Konsert - Ulstein kulturskule
- 30.11 Konsert - Maria Arredondo/Torstein Sødal  
med Gospelkoret og Ulstein Tween Sing
- 16.12 Konsert «Vi syng jula inn»
- 22.12 To konsertar - Julenattiné 2018

**Kordeltaking/solosong/ekstra instrumental  
i gudstenester**

- |                                       |            |
|---------------------------------------|------------|
| Ulstein Tween Sing                    | 4          |
| Korklubben                            | 5          |
| Ulstein Ten Sing                      | 1 + Drypp  |
| Gospelkoret K/M                       | 2          |
| Solosong                              | 14 + Drypp |
| Forsongargrupper born/unge            | 4 + Drypp  |
| Ekstra instrumental/band              | 19         |
| “Kor” skulegudstenester               | 2          |
| “Kor” barnehagegudstenester           | 3          |
| Klassekor (utdeling biblar til 5-kl.) | 1          |
| Påskekor/julekor                      | 4          |
| Jubileumskor (tensing)                | 1          |
| Fjøresteinane                         | 2          |
| Sunnmøre Kristelege Mannskor          | 1          |
| SUFH-gruppe med band                  | 1          |
| Lysvåkenkor                           | 1          |
| Lakris                                | 1          |

**Om aktivitetar Korklubben og Ulstein Tween sing (Utdrag frå årsmeldinga til kora):**

28.01	Tårnagent gudsteneste i UK	Tween Sing
11.02	Gudsteneste i UK (avslutningsgudsteneste dåpsskulen)	Korklubben
10.03	UKM, Sjøborg	Tween Sing
05.04	Song på Alvehaugen	Korklubben
15.04	Gudsteneste 4-årsbok (2 gudstenester)	Gruppe Korklubben
07.05	Song på Holsekerdalen 20	Korklubben
17.05	Gudsteneste i UK	Korklubben
2./3.06	Sosialturf/øving/overnatting på gamle Eiksund-skulen	Tween Sing
03.06	Gudsteneste/sommarfest på Kjeldsund	Tween Sing
04.06	Avslutningssamvær	Korklubben
26.08	Gudsteneste UK	Korklubben
08.09	Ulsteinmessa	Korklubben / Tween Sing
30.09	Gudsteneste i UK. Utdeling biblar 5 klassingar	Gruppe Tween Sing
21.10	Hausttakkefest UK	Korklubben
03.11	Fredheimbasaren	Korklubben
30.11	Maria Arredondo/Torstein Sødal-konsert	Tween Sing
02.12	Lysvåkengudstenesta	Tween Sing
06.12	Song på Alvehaugen	Tween Sing
24.12	Gudsteneste i UK	Korklubben

## **Medlemer av utvalet:**

Øyvin Sønnesyn,  
Susanne Gamlem,  
Jan Thormodsæter  
og Ståle Helvig

## **Arbeidet gjennom året.**

Kyrkjemusikkutvalet har hatt 4 møte (inkl. planlegging julenattinè 2018). I tillegg har utvalet vore med på 1 møte i kyrkjespelkomiteen. Kyrkje-spelkomiteen har hatt 2 møte. Den musikalske aktiviteten har vore stor og mangfaldig. Arbeidet med julenattinè har utgjort mykje av arbeidet i utvalet.

## **Økonomi**

Utleige av kyrka til konserter i 2018 har vore på det jamne. Dette har gitt noko inntening. Godt besøk på «Frå-pub-til-katedral-konserten» og julekonserten med Maria Arredondo/Torstein Sødal gav god inntening til soknet. Konserter som Ulstein sokn er arrangør for er budsjettet inn i soknet sitt budsjett. Her har det vore rimeleg bra økonomistyring.

Kr. 50.000,- av overskotet frå julenattinéen gjekk til Ulstein nye kyrkje.

## **Vurdering av arbeidet**

### **Barnekorarbeidet (delvis henta ut frå årsmeldinga til barnekora).**

Ulstein sokn har ansvar for 2 kortilbod: Korklubben (25 betalande medlemar i 2018) og Ulstein Tween Sing (15 betalande medlemmer i 2018). Rekrutteringa for begge kora er jamn og tilfredstillande.

Haust 2018 gjekk dirigenten for Korklubben, Beate Mjøen Berg, ut i permisjon frå Ulstein sokn, og dermed også ut i permisjon frå Korklubben. Ho hadde då vore samanhengande leiar i koret sidan haust 2003. Ny dirigent frå hausten 2018 er Bente Anita Sæter Pilskog. Hovudsatsinga for Korklubben i 2018 har vore gudstenestesongen.

Eit høgdepunkt for Tween Sing i 2018 var å bli med på Ungdommens Kulturmønstring på Sjøborg. Det er særslig motiverande å vere med i denne store samanhengen, ilag med andre unge kultur-ytarar.

Koret hadde også ein overnattingstur på Eiksund gamle skule 2.-3. juni. På programmet stod leik, mat, sosialt samvær, korøving og andakt. Søndags morgen drog koret rett til Kjeldsund for å delta med song på soknet sin sommarfest der. Ei viktig helg for samhaldet i koret.

### **Konsertverksemd i eigen regi.**

Det er etter kvart blitt etablert nokre «faste årlege konserter» i Ulstein kyrkje: Orgelkonserten onsdag i den «stille veka», Ulstein Mannskor sin konsert under «Smak av Ulstein», «Jazz og Koral» Allehelgensdag, kulturskulekonserten i adventstida, «Vi syng jula inn» 3. søndag i advent, og Julenattine 22. desember. Vi merkar god oppslutning om desse konsertane.

I mars gjesta Eyvind Skeie Ulstein sokn. I det høvet arrangerte soknet ein salmekveld der Eyvind Skeie fortalte om bakgrunn og historie bak utvalde salmar. Blandakoret Hemingen deltok, og oppmøtet var godt.

I april jubilerte Ulstein TenSing. I det høvet blei gamle og nye «tensingarar» inviterte til å bli med i eit felleskor som øvde inn gamle og nye slagarar frå Profil/Ulstein tensing sitt rikhaldige arkiv/repertoar. Resultatet blei ein konsert på laurdagskvelden og gudstenestesong i påfølgande søndagsgudsteneste.

I høve årets Trebåtfestival, arrangerte Ulstein sokn konserten «Frå pub til katedral». Her presenterte Sindre Løvik med 2 musikalar verdslike og sakrale songar frå irsk/keltisk songtradisjon. Det var særslig godt oppmøte på denne konserten.

Mykje av møteverksemda for kyrkjemusikkutvalet har gått til planlegging av Julenattiné. I år var det 21. året julenattinéen blei gjennomført, med rimeleg

god oppslutning, men litt mindre enn tidlegare år. Også dette året klarte utvalet å vise mykje av breidda av musikklivet i Ulstein. Det var 6 nye solistar. Orkesteret bestod av 8 musikarar, derav 1 ny på perkusjon.

### **Prosjektkor**

Det er også dette året blitt etablert kor i høve festgudstenestene i påska og jula. Koret song på gudstenestene langfredag, påskennatt og 1. påskedag, samt 1. juledag. Desse kora har det vore god oppslutning om, men det har ikkje kome signal frå desse songarane om ynskje om meir fast gudstenestekorverksemrd. Kyrkjekoret i Ulstein sokn er difor framleis «i dvale».

### **Musikk i gudstenestene**

Elles er mykje av det musikalske engasjementet i kyrkja også dette året kanalisiert gjennom gudstenestene. Dette viser igjen i talet på musikkdeltaking. Dette er i tråd med intensjonen i gudstenestereforma. Det er viktig at musikalsk mangfald får utfolde seg i gudstenestene.

### **Nytt kyrkjespel**

Gruppa som har arbeidd med dette er medlemmane i kyrkjemusikkutvalet, Dagfinn Olav Bye (regissør), Jan Ove Ulstein (forfattar), Leif Ringstad og Christfried Kaul. Arbeidet med nytt kyrkjespel har kome betrakteleg lengre, i og med at vi i år fekk eit stipend til å skrive manuskriptet. Spelet er tablåmessig utforma, og ber preg av å vere syngespel. Neste steg i prosessen er nå å få laga musikken. Nokre melodiar er ferdigskreve. Gruppa er i kontakt med Henning Sommerro for ferdigkomponering. Kyrkjespelgruppa har som intensjon å få inn eksterne middel til å dekke kostnadane til dette.

### **Kantor si rolle i trusopplæring/kontakt med skulane**

Dei siste åra har kantor fått ei større og større rolle i trusopplæringsarbeidet i soknet. Det dreier seg om tårnagentsamlinga, dåpsskulen for 6-åringar, konfirmantleirane, påskevandring, «Skapt», «Nytt liv» og «LysVaken». Engasjementet har vore frå totalengasjement til engasjement berre på den musikalske biten.

I tillegg har kantor dette året hatt uvanleg mange (15) skulebesøk, etter invitasjon frå skulane. Det dreier seg om øving til skulegudstenester, song med klassar, songframföringar med klassar, presentasjon av kantor sitt arbeide, deltaking på kulturskulekonserter og kor-rekrutteringsbesøk.

Alt dette har vore tidkrevjande og i periodar intenst, men viktig med tanke på utviding av kontaktflata.

### **Moglegheiter framover**

Det ligg mange moglegheiter i «Plan for kyrkjemusikk og kultur» for Ulstein sokn. Desse dannar grunnlag for hovudsatsingar vidare. Her kan nemnast:

**Gje rom for dei ordlause kulturuttrykka i gudstenesta (dansen/biletet)**

**Gje gode og attraktive kortilbod i alle stilartar, og alle aldrar**

**Lokal framföring av eit stort, klassisk kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje.**

Ei stor utfordring er å finne konsept for attraktiv konsertverksemrd som trekk såpass folk at det ber seg økonomisk. Gode prosjekt som sannsynlegvis ikkje trekk folk får vi stadig tilbod om. Slike prosjekt kan ikkje kyrkjemusikkutvalet/Ulstein sokn ta økonomisk ansvar for. Her er utfordringar, og ein kan kanskje tenke nytt og utradisjonelt: Lokalt tilsnitt, lokaldugnad, regional tenking (t.d. prostiplan) eller årvisse arrangement på strategiske tidspunkt.

# Undervisning - Saman i læring og praksis

*Trusopplæringa: Vi ønskjer å stå saman med familien i løftet om å la borna få leve og vekse i den kristne trua.*

*Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der borna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.*



## Trusopplæringstilbod:

Dåpssamtale.

Babysong.

1 år: Dåphelsing m/ bilet.

2 år: Samling m/ song, utdeling av spisebrikke og lunsj.

3 år: Dåphelsing.

4 år: Undretur og gudsteneste. m/ utdeling av "Mi kyrkjebok".

5 år: "Sauen som vart borte".

6 år: Dåpsskulen.

1. kl.: Skapt (Ute i krinsane).

2. kl.: Nytt liv! (Ute i krinsane).

3. kl.: Tårnagent i kyrkja.

5. kl.: Bibelutdeling / kode B.

6. kl.: LysVaken, eit døgn i kyrkja.

9. kl.: Konfirmantundervisning.

15-18 år:

- Drypp ungdomsgudsteneste

- MILK-kurs

- Leiartrening på leir

- Alive-festival

- Ulike tilbod i samarbeid med ungdomsorganisasjonar.

## Dåpssamtale

I 2018 er det halde 12 felles dåpssamtalar i Ulstein kyrkje - ein kvar månad. Erfaringa er at samtlege dåpsfamiliar stiller opp med både mor, far og barn - og nokre med fadrar. I tillegg til at ein av prestane har vore tilstades, så har trusopplærar teke del med informasjon om trusopplæringstilboden, samt ein smakebit på innhald i babysong. Dette er godt motteke og noko vi held fram med i 2018. Gjennom året har Ulstein sokn døypt 61 born på 0-år.

## Babysong - ein god start for foreldre og born

Fokuset for babysong er samspelet foreldre-barn og skal samtidig vere eit tiltak for å knytte relasjon til kyrkja si trusopplæring og til andre i same livssituasjon. Les meir om dette tilboden under omtale av Bygkeklossen Open Barnehage.

## Arrangement/Utdeling av ulikt materiell for 1-, 2- og 3-åringar

I 2018 endra vi noko på utsending av dåphelsingar. 1-åringane, som før fekk berre helsing, får no i tillegg eit innrama bilet med fint motiv og med namn på dåpsbarn, foreldre og fadrar på baksida. Det vert sendt til ein fadder som besøker barnet og leverer gåva.

For to-åringane starta vi i 2018 opp med eit arrangement der vi ynskjer å møte 2-åringen og foreldra i ei kort samling der vi syng litt ilag, lærer bordverset og deler ut ei spisebrikke med påfølgande lunsj ilag. Vi fekk god hjelp av Line Lervik Aksnes som planla og gjennomførte songstundene. Johanne Krogstadmo frå kyrkjekontoret var og med. Ho hadde ansvar for registreringa/skrive namn på spisebrikkene og laminere dei fortløpande. 3 konfirmantar hadde tenesteoppgåver. Dei hadde og som oppgåve å ta seg av større sysken som var med. Trusopplærar batt det heile saman.

I 2019 vil vi vidareføre dette arrangementet og truleg slå saman 2- og 3-åringane, fordelt på to samlingar.



*Det er høve til å kjøpe den fine spisebrikka på kyrkjekontoret (kr. 100,-)*

## Arrangement/Utdeling av ulikt materiell for 4-, 5- og 6-åringar

Det var 63 born som fekk 4-årsboka si i 2018. Vi inviterte 75. 33 av desse var og med på undreturnen som vi har i forkant. Dei to gudstenestene er godt tilrettelagt for 4-åringane og is og saft i parken etterpå er ei flott sosial hending. 5-åringane som kom på Skeide, kosa seg med sauleiting og mykje aktivitet. Med 25 born + foreldre og 18 konfirmantar og leiarar vart det bra fullt i forsamlingshuset på Skeide.

«Dåpsskulen» for 6-åringane har hatt ei jamt bra deltaking kvart år sidan oppstarten i 2003. 49 born, med stor overvekt på gutter, møtte til ei flott oppstartsgudsteneste i Ulstein kyrkje med utdeling av 6-årsbok. Deretter hadde vi 5 samlingar, der vi på ei av dei og hadde "dåpsskule for vaksne" (frivillig) der vi tok opp aktuelle spørsmål, hadde litt undervisning om trua og opna opp for spørsmål. Til slutt ei avslutningsgudsteneste i kyrkja med utdeling av diplom på Fredheim etterpå. Borna var blitt godt kjent med kyrkja si og song av full hals.

Dåpsskulen er og ei fin mulighet til å rekruttere til barnekoret.



## Høgdepunkt: "Skapt" og "Nytt liv" med påfølgande hausttakkefest

"Skapt" finn stad på våren og "Nytt liv" på hausten med påfølgande hausttakkefest. Takk og lov for dei som opnar hagane sine for oss! Det blei bra potetavling i år og! Vi opplever at desse to arrangementa er gode arenaer for læring og i 2018 hadde vi eit flott frammøte - 51% på "Skapt" og 79% på "Nytt Liv". I dei tre skulekrinsane utanfor sentrum var så godt som alle med, medan talet på born i sentrum var mindre samanlikna med 2017. Frammøtet på våre arrangement er gjerne avhengig av at nokon i foreldregruppa er «ambasadørar» og deler arrangementet med andre foreldre. I travle barnefamiliar er det mykje å organisere og i tillegg til det faste som skjer kan invitasjonar til arrangement lett falle ut. Då er det å få ei påminning veldig flott. Stor takk til dei som er så flinke til å dele og vere ambasadørar!


## Kode B og LysVaken

Vi arbeider jammleg med tiltak vi har sett i gong, evaluerer og justerer. Men sjølv om vi har gode opplegg er vi ikkje sikra at det kjem born. Kode B for 5. klassingar tysdagen i haustferien 2017 måtte avlysast. Men då vi inviterte dei same til eit arrangement på våren 2018, kom det 29 born, og på haustens Kode B kom det 22. Konklusjonen er at greiaste tidspunkt er rett etter skuletid.

"Lys vaken" er eit kjekt opplegg i kyrkja, med overnatting for dei som vil). Det er tradisjon for å legge dette til 1. søndag i advent. Slik har vi hatt det her i 4 år no, men det er ei travel helg for dei som er med i korps eller kor. I år kolliderte LysVaken med eit arrangement på Ulstein bibliotek for same aldersgruppe. Det resulterte i færre deltagarar (15). Men ilag med dei flotte ungdomsleiarane hadde vi det veldig kjekt. Det er av stor verdi å ha med nokre MILK'arar i tillegg til konfirmantar som leiarar på "Lys vaken".



Oppslutning om trusopplæringa i Ulstein 2014 - 2018



## Frivillige

Å ha arrangementa våre rett etter skuletid, gir fleire deltagarar, men det blir vanskelegare å rekruttere frivillige frå til dømes foreldregruppa. Heldigvis har vi nokre pensjonistar og flyktningar som bidreg. Dette er veldig kjekke arrangement - så meld deg gjerne som frivillig, og bli med!

## Utfordringar

2018 blei eit år der det ble mindre tilsetteressursar og ein litt vanskelegare kabal å legge, men trass dette har vi klart å halde hjula i gong. Det som blir skadelidande er anledning til å utvikle nye prosjekt til dømes 4., 7. og 8. klasse. Det blir og litt for lite tid til førebuing og etterarbeid.

*Konfirmanttida i Ulstein byr på leir,  
gudsteneste, diskusjon,  
undervisning, bibel,  
bøn, lyttenning,  
leik, fellesskap,  
gode opplevingar  
... og mykje meir!*





## Konfirmasjon

Laurdag 15. og søndag 16. september 2018 sto 92 ungdommar til konfirmasjon i Ulstein kyrkje. Vi opplever at oppslutninga om konfirmasjonen er rimeleg stabil, og registrerer at deltakartalet ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet.

I følgje «Plan for trosopplæring - Gud gir, vi deler» skal konfirmanttida innehalde 60 timer med aktivitetar: Undervisning, gudsteneste og sosiale samlingar. I Ulstein sokn blir dette gjennomført med:

- **Undervisningssamlingar** i kyrkja og på Fredheim (to store samlingar i haustsemesteret, knytt opp mot presentasjonsgudsteneste i november og lysmesse i desember),
- **Gudstenestedeltaking.** I tillegg til gudstenester som alle konfirmantane skal møte på, skal dei i tillegg velje nokre gudstenester sjølv. Dei blir oppmoda om å gå til ei gudsteneste i eit anna kristent trussamfunn, for å erfare kva som er likt og kva som er annleis samanlikna med gudstenester i Den norske kyrkja. Dei blir også oppmoda om å delta på Drypp, som er gudstenester i Ulstein kyrkje av og for ungdom.
- **Konfirmantleir.** Ein god del av undervisninga er lagt inn i konfirmantleiren, som varer i fem dagar (fire overnattingar). Her har vi også sosialt fokus. På leiren er det med mange tilsette og mange frivillige ungdomsleiarar, som gjer ein stor innsats for at konfirmantleirane skal bli gode læremessige og sosiale arenaer.
- **Tenesteoppgåver.** Alle konfirmantane er med på å gjennomføre eit tiltak som er retta inn mot ei anna aldersgruppe i kyrkjelyden, born, ungdom, vaksne eller eldre. Slik får konfirmantane erfare at dei er del av ein større heilskap, og at det er mange aktivitetar i kyrkja og i regi av kyrkjelyden gjennom heile veka og heile året.
- **Fasteaksjonen.** Kvar vår går konfirmantane med bøsse for å samle inn pengar til det viktige arbeidet til Kirkens Nødhjelph. I forkant av dette lærer dei om det dobbelte kjærleiksboden, Den gylne regelen, det kristne forvaltaransvaret og internasjonal diakoni.



## MILK

Nokre veker etter at konfirmasjonsgudstenestane er vel overstått, får konfirmantane tilbod om å delta på minileiarkurs (MILK). Dette er eit viktig rekrutteringstiltak for Ulstein sokn, når det gjeld å utvikle leiarar til komande års konfirmantleir. Det var kjekt å sjå at det hausten 2018 var 14 ungdommar som meldte seg til å delta på MILK. Dette er verdifull leiartrening både for kyrkje og samfunn, og ei investering vi som kyrkje dreg nytte av i åra framover.

## Kontakt med barnehagar og skular

Tilhøvet til barnehagane og skulane er prega av god kontakt over lang tid, og vi opplever å ha ein tillitsfull og open kommunikasjon med barnehagane og skulane. Det konkrete samarbeidet dreier seg mykje om dei store høgtidene jul og påske. I tillegg har vi eit samarbeid rundt bibelutdeling til femteklassingar. Dette blir gjort i september kvart år, slik at elevane kan bruke Bibelen i KRLE-undervisninga på skulen.

Før påske blir andreklassingane på skulane og barnehagane i Ulstein kommune invitert til påskevandring i kyrkja. Kva aldersgruppe barnehagane kjem med er mykje opp til dei sjølv, men dei fleste kjem med

storbarnsavdelingane. Vi går frå stasjon til stasjon inne i kyrkjerommet, som er midlertidig gjort om til «Jerusalem», slik at borna lærer gjennom deltaking og oppleveling. I vandringa får borna med seg palmer til palmesøndag, myntar til tempelplassen, dei får høre historia om den første nattverden, arrestasjon, krossfesting og oppstode. Slik lærer dei om den kristne påskefeiringa, og korleis den framleis er ein viktig del av det norske samfunnet i dag.

I desember vart alle barnehagar og skular i Ulstein kommune inviterte til gudsteneste i kyrkja. Dette er ein fin og god tradisjon som vi trur barnehagane og skulane set stor pris på. Staben i kyrkja prøver å involvere elevar og barnehageborn i gjennomføringa av gudstenestene, og vi synest vi har funne samarbeidsmodellar som fungerer godt både med tanke på barnehagar, barneskulane og ungdomsskulen. Mellom anna er organist ute på skulane for å øve inn julesongar til gudstenesta.

## Komit  :

For Ulstein NMS:  
Sama Haify

For Ulstein KFUK/KFUM:  
Judit Grimstad Hatl  y

For Ulstein sokn:  
Bj  rn Losvik


## Torsdagskveld p   Fredheim

Torsdagsm  ta p   Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Det var planlagt sju m  ter, og gjennomf  rt seks "Torsdagskveld p   Fredheim" i 2018, tre i v  rsemesteret og tre i haustsemesteret. Dette er f  rre enn   ret f  r, d   vi satser p   ha ekstra mange torsdagskveldsamlingar med tema rundt markeringa av 500-  rsjubileet for den lutherske reformasjonen.



### V  rsemesteret:

- 11.01** Lutherframsyning i Ulstein kyrkje. Drama om den Lutherske reformasjonen v/ staben i Ulstein kyrkje.
- 08.02** Bibeltime ved Sjur S  ter. Tema: L  resveinane sitt liv og virke. Om l  resveinrolla generelt, om dei 12 som vandra med Jesus, og nokre av dei 12 litt meir utf  relig.
- 15.03** Salmediktaren Eyvind Skeie tok oss med p   ei salmereise, der hans eigne salmar sto p   agendaen. Blandakoret Hemingen var også med og framf  rte nokre av Skeie sine salmar. Kantor St  le Helvig trakterte orgel og piano.
- 03.05** Temakveld ved Liv Osnes Dalbakken: Utsett til haustsemesteret.



### Haustsemesteret:

- 20.09** Kristin Norseth. Det norske misjonsselskap (NMS) hadde stemmerett for kvinnelege medlemar allereie fr   1904, 9   r f  r kvinner fekk stemmerett ved stortingsval. Korleis har kvinneforeiningane i NMS vore med    bygge demokrati- og samfunnsutvikling? Korleis har denne historia p  verka NMS sitt misjonsarbeid i andre land?
- 18.10** Bibeltime v/ Margit Lovise Holte: Korleis tru n  r livet byr p   store utfordringar? Korleis m  ter vi kvarandre i kyrkjefellesskapet n  r nokon har store utfordringar i livet? H  yrer vi andre sitt rop?
- 23.11** Liv Osnes Dalbakken: Kunsten    tru. V  ren 2018 vann Liv ein kronikkkonkurranse i avisas V  rt Land, med kronikken Kunsten    tro. Vi har invitert Liv til samtale og felles refleksjon rundt temaet ho tok opp i kronikken. N  r tru er nok til    bli frelst, kva d   med den som ikkje klarer    tru?

# Born og unge - saman for ein trygg oppvekst

---

## Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane

Gjennom eit godt etablert samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane har Ulstein sokn kontakt med mange som er ein del av kyrkjelyden gjennom sitt engasjement. Deira bidrag set preg på både gudstenesteliv og kyrkjelyden sitt arbeid generelt.

Semesterplanar vert koordinert for å bygge kyrkjelydsfellesskapet i lag.

Fylgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:

<b>Ulstein KFUK-KFUM</b>	Leiar: Magne Grimstad
<b>Ulstein KFUK-KFUM speidrarar</b>	Leiar: Birgitte Øvreliid / Christfried Kaul
<b>KRIK Ulstein</b>	Leiar: Vegard Aksnes
<b>NMSU</b>	Kontakt: Gunhild Bremer
<b>Ulsteinvik søndagsskule</b>	Leiar: Christfried Kaul
<b>Hasund søndagsskule</b>	Leiar: Margit Sundgot Aarland
<b>Sunnmøre folkehøgskule</b>	Rektor: Arnt Ole Grimstad

### Øvingstid:

Onsdagar: 19:00 - 21:30

### Betalende medlemar:

Pr. 21.12.2018: 49 stk.

### Styret:

Øystein Grimstad Thormodsæter  
Iver Fiskaa Ødegård  
Anne Maria Langenes  
Mathea Rosa Holte Grevstad  
Silje Håheim  
Maren Pieroth (Vara)  
Ingrid Moldskred Nygjerde (Vara)

### Ansvarleg vaksenleiar:

Andreas Halle

### Styreleiar:

Eivind August Roos

### Økonomi leiar:

Merete Håheim

### Kontaktperson i Ulstein sokn:

Bjørn Losvik.

## Ulstein TenSing

Sommaren 2018 fekk barne- og ungdomsarbeidar Beate Mjøen Berg permisjon frå si stilling i Ulstein Sokn. Gjennom si stilling har ho vore ansvarleg vaksenleiar for Ulstein Ten Sing. Andreas Halle tok over rolla som ansvarleg vaksenleiar. Ruben Voldlund har gjennom si deltidsstilling som barne- og ungdomsarbeidar i Ulstein Sokn delt ansvaret for Ulstein Ten Sing med Andreas Halle. Dei to har mellom anna jobba med ei digitalisering og effektivisering for å forenkle administrative prosessar.

### Aktivitetar - Våren 2018

- Vinter treff 2018 i Stryn
- Feiring Ulstein TenSing 40 År
- Oppreten på DRYPP Ungdomsgudstenester
- Sommaravslutning - Osnessanden

### Aktivitetar - Hausten 2018

- Oppreten på Ulsteinmessa
- Matsal på Fredheimsbasar
- Øvingshelg
- Arrangert Gospel Night
- Juleball

Frå og med hausten 2018 har Ulstein Ten Sing endra arbeidsmetode for å prøve å nå ut til fleire. Arbeidet har gått frå å ha faste grupper, til å jobbe meir dynamisk slik at alle får vere med på alt. Gjennom hausten 2018 og våren 2019 blir det jobba fram mot ein stor konsert på Sjøborg 4. mai 2019. TenSing har også halde fram med "Eldreomsorgen", som er eit tiltak for dei litt eldre ungdommane som går på vidaregåande skule.

Medlemstalet våren 2018 var stabilt samanlikna med hausten 2017 (43 betalande, i snitt 29 frammøtte på øvingar). Frå semesterstart i august 2018 har talet på medlemar auka til 49 betalande, og snitt på oppmøte steig til 37. I samband med at vi bygger opp året, grupper og aktivitetar mot konserten i mai 2019, har engasjementet til ungdommane gått opp. Vi ser at ein meir dynamisk måte å jobbe på gjer at fleire tar ansvar og engasjerer seg i arbeidet mot eit stort hovudmål. Ungdommane føler seg også meir inkludert, sidan alle får delta på film, drama og dans etter ønske.

## Drypp-komité:

Ragnhild Blindheim  
Marie Blindheim  
Eivind Roos  
Andreas Halle  
Øyvind Thormodsæter  
Iver Fiskå Ødegård  
Silje Håheim

## DRYPP Ungdomsgudstenester

Ulstein sokn har hatt eigne ungdomsgudstenester sidan 2016. Drypp-gudstenestene arrangerast ca. ein gong i månaden, og alt innhald i disse gudstenestene blir planlagt og gjennomført på ungdomane sine premiss. Kvar gudsteneste har sitt eige tema som gjennomsyrer musikk, liturgi og forkynning. I 2018 har vi blant anna hatt tema som «Identitet», «Håp» og «Bibelen». I kvar gudsteneste tar vi også opp eit offer som går til Misjonsalliansen sitt arbeid i Kambodsja representert ved Anders og Karen Myrene. Anders held oss oppdatert på arbeid ved å sende en videohelsing til kvar gudsteneste. Dette er med å forankre misjonsperspektivet i gudstenesta og gjere ungdommane bevisst på at misjon og diakoni er ein viktig del av det å vere kyrkje.

Vi ser eit relativt stabilt oppmøte på om lag 50-70 personar som deltek på disse gudstenestene. Vi ynskjer at dette arbeidet skal vokse vidare, og til eit enda meir regionalt tilbod enn kva det er i dag. Då ei utfordring med all type ungdomsarbeid er at ungdommar blir eldre og etter kvart flyttar for å studere og arbeide andre stader, så må vi halde fram med rekruttering av nye ungdommar til å vere med å planlegge og gjennomføre Drypp-gudstenestene.

## Alive

Alive-festivalen vart 2017 arrangert for fyrste gong i Ulsteinvik. Ein festival med målsetting om å vere ein felles plattform for det kristne ungdomsarbeidet på Sunnmøre. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire av kyrkjene og kyrkjesamfunna i Ulstein og omegn, med Impuls Trondheim som bidragsyter innan kompetanse og frivillige ressursar. Det var eit spanande initiativ som samla om lag 400 ungdommar i Ulsteinvik i løpet av festivalhelga.

I 2018 vart festivalen gjenteke. Denne gongen hadde vi alle litt meir erfaring frå året før, og på bakgrunn av dette kunne vi vidareutvikle konseptet. Det å arbeide tverrkirkjeleg og økumenisk er viktig, og det å samarbeide for å skape eit godt tiltak for ungdom på Sunnmøre er ei viktige oppgåve og eit godt utgangspunkt for eit tverrkirkjeleg samarbeid. Under årets festival kom kanskje det tverrkirkjelege samarbeidet enda tydelegare fram gjennom variasjonen av forkynnalar – då dei som forkynnte var Ragnhild Låstad frå Den evangeliske lutherske frikyrkje i Bergen, Thomas Åleskjær frå Oslo Kristne Senter og Jørgen S. Kleiven frå Ulstein sokn.

Alive 2018 hadde omlag tilsvarende antal deltagande ungdommar som året før, noko vi kan seie er eit positivt signal på at dette er eit ønska tiltak blant ungdom.

Alive-Festivalen er framleis ein ny-establisert festival og det er difor naturleg at ikkje alt er ferdigutvikla og perfekt. Det skal det heller ikkje vere, då vi må halde fram med å evaluere og utvikle konseptet vidare.

Planlegging av Alive 2019 er allereie i gong, og Ulstein sokn ynskjer å halde fram med å vere ein bidragsytar i dette arbeidet.

Vi ser fram til ein ny festival i oktober 2019.

# Prestetenesta

*Kyrkja søker å møte alle menneske i livet sine ulike faser og situasjonar med evangeliet om Guds kjærleik. I lys av Guds nådige blikk skjer omsorg for sjeler gjennom kyrkjelege handlingar, aktivitetar og fellesskap.*



## Å møte menneske

Kyrkja søker å møte alle menneske i livet sine ulike situasjonar med evangeliet om Guds kjærleik. I lys av Guds nådige blikk skjer omsorg for sjeler gjennom kyrklelege handlingar, aktivitetar og fellesskap.

Prestane sitt arbeid skjer i midten av kyrkja sitt sentrum, i gudstenesta med forvalting av Ord og sakrament, men også i møte med alle menneske i Ulstein i alle livssituasjonar. Presten har kall, danning og utdanning til å vise omsorg for sjeler og ta vare på menneske i sårbarleiv livssituasjonar anten det er i prestekle framfor alteret, i skibakken på konfirmantleir eller å besøke ein heim for å lytte til eit menneske som treng nokon som kan tåle å høyre heile livsfortellinga. I den forerulege samtalen under teieplikta, får mange erfare å tre fram med si livsfortelling, og bli møtt med Guds kjærleik og sett av Guds gode blikk. Ein treng ikkje vere verken medlem eller fast kyrkjegjengar for å fortelje eller samtale med presten.

Presten si teieplikt, avvergeplikt og krav til å ikkje misbruke verken stilling, maktilhøve eller tillitsforhold, er regulert av straffelova (Straffelova §211, §196, §295) Dette forpliktande rammeverket skal gje tryggleik. Presteforeininga sitt profesjonsetiske dokument seier at verdiane openheit og integritet skal prege presten i møte med menneske. Presten «møter mennesker med respekt for deres erfaringer, fortellinger og oppfatninger, og lar sine egne forestillinger om hva som gagner andre utfordres i møtet» (Profesjonsetikk 2017) I samspelet mellom openheit og integritet, bygger presten etter beste evne tillit når dei forvaltar desse verdiane audmjukt og med mynde.

Presteressurs i Ulstein er 1.8 % stilling fordelt på Sokneprest Margit Lovise Holte i 100 % stilling og kapellan Jørgen Skogestad Kleiven i 100% stilling. 20 % av presteressursen brukast på Hareid der vi går i treledda tenesteveturhus med sokneprest på Hareid, Leidulv Ø. Grimstad. Grunna Møre bispedøme sine innsparingar har Ulstein måtte avgje 20% presteressurs der kapellanen har hatt oppgåver som prostesekretær, og sokneprest har hatt ekstra gudstenester og gravferder i Herøy. Arbeidsbelastninga er stor, noko som har ført til at noko av kyrkjelydsarbeidet har vorte gjort på frivillig basis. Vi vonar få tilbake og auke presteressursen, slik at behov og arbeidsinnsats er i rimeleg balanse og i takt med folketalet.


Å høyre til er noko av det viktigaste prestetenesta arbeider med. Med dåpen som einaste kriterium for medlemskap, er Den norske kyrkja ei stor folkekirkje med 80% av folket som medlemmar og ein stor andel kristne katolikkar og ortodokse som også nyttar Den norske kyrkja som sin fellesskap. Prestane tenestegjer for også dei som ikkje er medlemar av Den Norske kyrkja, med kyrkja sine ordningar og liturgiar. Vi arbeider for at folk skal kjenne dei hører til gjennom kyrklelege handlingar dei har rett på i kraft av sitt medlemskap. Vi arbeider også for at flest mogleg skal finne sin stad der det å høyre til også kan bety å vere med i ein aktivitet, eit mindre fellesskap, og gje av si tid til å bidra med ei frivillig teneste. I samarbeid med Speidar, KFUK/M, KRIK og NMS er det er eit stort og bærekraftig puslespel av ulike grupper og aktivitetar for folk i alle aldrar.

Trass i høgt arbeidspress er glede over tenesta stor. Tilsette har gode samarbeidsrelasjoner og arbeider for at ulikskapar skal vere ein styrke for fellesskapen. Vi samhandlar tverrfagleg og i tema med ein stor skare frivillige medarbeidarar og finn glede i å gjera ting ilag. Kunnskap og delt erfaring gjev kreativitet, glede og kjensle av å høyre til. Terskelen for medverknad er senka dei siste åra og mange er positive til å bidra.

Saman bygger vi kyrkja.

# Bygg og anlegg

*For å kunne forvalte kulturarven og gjøre tru og tradisjon relevant i vår tid trengst det ein levande fellesskap som fornyar seg om og om igjen. Med Ulstein gamle kyrkjestad frå middelalderen, Osnes kyrkjegard midt i eit kulturminneområde og Ulstein kyrkje som ei listeført kyrkje frå 1849, forvaltar Ulstein kyrkjelege fellesråd ein stor arv som lever vidare gjennom kyrkja sitt oppdrag i vår tid.*



## Kyrkjebygget

Ulstein kyrkje er framleis eit smykke med ein sentral plass i byen. Kyrkja har tent samfunnet i mange generasjonar og ho har ein plass i hjarta til mange som bur i Ulsteinvik. Kyrkja er brukt mykje og av mange.

Vi er sjølvsagt glade for at kyrkja er brukt så mykje. Men som ein av dei best besøkte kyrkjene i landet ber ho også tydeleg preg av bruksslitasje gjennom intens bruk. Det nye kyrkjebygget vil avlaste Ulstein kyrkje og gi langt betre høve for vern av kyrkja, både som eit historisk bygg og som eit bygg framleis i bruk.

Hausten 2018 blei kyrkja vaska utvendig, takrennene blei reinska, og kledninga inspisert. Det vart konstatert at kyrkja treng eit omfattande vedlikehald på alle dører og vinduer. Soknet hadde ikkje økonomi til å utføre dette arbeidet i 2018.

I løpet av sommaren 2018 vart alterringen trekt med nytt skinn av firma Flataker industri frå Fræna.

Også arbeidet med fornying av den utvendige lyssettinga av kyrkja blei avslutta i 2018.

For å betre kvaliteten på overføring av arrangement frå kyrkja til sjukeheimen og omsorgsbustadene blei det lagt ny fiberkabel og tilhøyrande tekniske installasjoner.

## Kyrkjegardane

Ulstein kyrklege fellesråd har ansvar for gravferdsforvaltning i Ulstein kommune. Osnes kyrkjegard er den gravplassen som er i aktiv bruk. Med ei aukande befolkning vil også tal på gravleggingar auke. For å bruke arealet på Osnes kyrkjegard på best mogleg måte er det gjort ein grundig gjennomgang i gravregisteret for å frigjere graveareal. Fleire gravstadar med avslutta festeavtale, kan på denne måten blitt brukt igjen.

Vi har sett ein liten auke i valg av kremering med påfølgjande urnenedsetting. Ei urnegrav er langt mindre enn ei kistegrav og ved bruk av urne er det mogleg å bruke same grav for fleire i familien og knyte desse til same gravminne. Når det gjeld plassmangelen på kyrkjegarden, vil auka bruk av urner vere ei avlasting.

For å oppretthalde god jordkvalitet og føre organisk materiale tilbake til jorda, er det sett opp eit enkelt komposteringsanlegg på Osnes kyrkjegard. Idéen til dette kom frå ungdomar som hadde ei prosjektveke i samband med innovasjonscamp i 2017. Komposteringsanlegget vil også gi miljøgevinst ved mindre bruk av bil for transport av greiner og anna hageavfall.

Ulstein gamle kyrkestad er ein historisk viktig plass, då den gamle steinkyrkja frå 1100-talet sto der. Plassen blir brukt til utegudsteneste om sommaren. Det står nokre få gravminne igjen på den gamle kyrkestaden. På fleire plasser har den gamle steinmuren rundt plassen dessverre begynt å rase ut, noko som gjer det farleg å ferdast der. For å oppretthalde plassen som eit verdig minne for framtida treng ein å lage ein plan for sikring, vern og vedlikehald av plassen

Den nedlagde gravplassen i skrånninga bak Ulstein kyrkje i sentrum er ein vakker del av ein grøn korridor i sentrum.

## Kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret ligg i andre etasje i Sjøgata 61. Det er tilstrekkelig med kontor plass, men det er mangel på samtalerom. Tilkomsten er ikkje universelt utforma, og byr på utfordringar for brukarar. Også tilkomst, areal og standard på toalettet er alt for dårlig for eit offentleg kontor. Det har i 2018 ikkje blitt gjennomført større endringar eller vedlikehaldsarbeid på kontoret.

## Ulstein Nye kyrkje

Ulstein kyrkje med sin manglande plasskapasitet, svært avgrensa mulighet for ulike samlings- og undervisningssituasjoner, manglande universelle utforming, ei utdatert oppvarmingsløysing og mangel på lokale for kyrkjelydsarbeid, har satt i gang prosessen med konkrete planer for eit nytt kyrkjebygg.

Eit positivt vedtak på soknet sin søknad om ein kommunal lånegaranti kunne ha realisert ein prosess med detaljplanlegging og bygging, men kommunestyret har i sitt budsjettmøte i desember utsett saka. For innsamlingsarbeidet som også i 2018 har skapt stort engasjement er dette ein utfordrande situasjon.



Økonomien har vore gjennom ein krevjande prosess i 2018. Tilskot frå kommunen til Byggeklossen Open barnehage vart sterkt redusert og vi måtte gjennomføre ein omfattande omstillings- og nedskjeringsprosess. Denne har ført til at drifta i barnehagen har blitt redusert og at vi også måtte gå til oppseiling og redusering av bemanning. Også driftsbudsjettet generelt måtte bli stramma inn i løpet av 2018. At det likevel blei eit rekneskapsoverskot har samanheng med nokre vakansar som har oppstått og at vi ikkje klarte å følgje alle opp med vikarar.

Gjennomgang og fornying av festeavtaler har auka inntektene på drift av kyrkjegarden.

Det har i mange år vore peika på behovet for å fornye det tekniske utstyret på kyrkjegarden. I 2018 fekk vi eit investeringstilskot frå Ulstein kommune på kr. 530.000. Det blei mellom anna kjøpt ei ny gravemaskin, ein ny traktorklipper, to vanlege plenklipparar, ein snøfresar, ein lauvblåsar og nye avstivingsrammer for graving av grav.

## Offer, kollekt og gåver

Sjølv om talet for kyrkjeoffer har gått noko ned er det framleis stor vilje til å gi – både til vårt eige arbeid og til andre føremål. 27% av offergåvene vart gjeve gjennom Vipps.

Meir enn kr. 25.000 kom inn i forbindelse med aksjonen Hjartevarme til jul – i tillegg blei det gjeve matvarer til ein verdi av ca. kr. 50.000. Det er dermed heller ei auke i det som har blitt gjeve i offer og gåver.

*Gjevartenesta for Barne- og ungdomsarbeidet i Ulstein sokn har framleis nokre trufaste gjevarar som gir eit beløp kvart år, men for å sikre stillinga til ungdomsarbeidaren, treng vi at fleire bidrar.*

## Kyrkjebyggjarar i vår tid

Kyrkjebyggjaravtalane har auka dei innsamla midlar med om lag kr. 1,2 mill. i 2018. Innsamlingsaksjonar som Kjolerulling og Ulsteinmessa bidrog med meir enn kr. 200.000 til eigenkapitalen for Ulstein nye kyrkje. Den formålsbundne høgrentekontoen til bygging av Ulstein nye kyrkje, hadde ved utgongen av 2018 ein saldo på kr. 4,1 mill. Det er forventa at fleire ynskjer å bidra økonomisk når eit endeleg vedtak om bygging av Ulstein nye kyrkje vert gjort.

Vi er audmjuke og takksame for det store engasementet mange har for at kyrkja, særleg med tanke på barne- og ungdomsarbeid skal ha tenlege og store nok lokale. Det er ein enorm tillit til vårt arbeid å ta imot så mykje økonomisk stønad utan at prosjektet er vedteke! Vi vonar at kommunepolitikarane ser den store muligheita i dette engasementet - til å kunne gi kyrkja framtidssretta arbeidsvilkår gjennom bygging av eit nytt kyrkjebygg på ein økonomisk overkomeleg måte.

**Tabell 2: Samandrag rekneskap 2018 for Ulstein sokn**

	<b>Rekn 2018</b>	<b>Bud 2018</b>	<b>Rekn 2017</b>
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
<b>Salsinntekter</b>	<b>-906.965</b>	<b>-859.626</b>	<b>-839.446</b>
<b>Refusjonar</b>	<b>-3.615.333</b>	<b>-3.488.240</b>	<b>-3.595.179</b>
Tilskot frå staten (Møre Bispedømeråd)	-1.253.300	-1.306.000	-1.282.150
Tilskot frå Ulstein kommune	-4.822.904	-4.875.471	-4.889.054
Tilskot frå Ulstein kommune til barnehagen	-473.837	-508.250	-1.015.000
Renter/avdrag UK	-914.307		-863.853
Offer til eiga verksemd	-214.199	-201.600	-232.567
Offer til anna verksemd	-189.878	-290.000	-184.458
Minnegåver	-43.127	-25.000	-13.275
Innsamla midlar andre (Fasteaksjonen)	-141.785	-125.000	-90.667
Gåver eiga verksemd (Nytt kyrkjebygg i Ulstein)	-1.423.549	-11.000	-1.216.227
Gjeverateneste (Barne- og ungdomsarbeid)	-23.000	-20.000	-21.856
Tilskot og gåver	<b>-9.499.886</b>	<b>-7.362.321</b>	<b>-9.809.107</b>
<b>Finansinntekter</b>	<b>-796.454</b>	<b>-170.656</b>	<b>-518.025</b>
<b>Sum DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>-14.818.638</b>	<b>-11.880.843</b>	<b>-14.761.757</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>			
<b>Lønn inkl sosiale utgifter</b>	<b>5.898.109</b>	<b>6.076.451</b>	<b>5.998.170</b>
<b>Kjøp av varer og tenester</b>	<b>1.751.581</b>	<b>1.661.077</b>	<b>1.821.736</b>
Refusjon til kommunen	22.594	0	228.000
Refusjon til andre			14.419
Interne overføringer	3.126.431	3.126.431	3.281.729
Overføring til staten			4.067
Mva - generell momskomp. utg.	228.471	286.884	219.742
Overføring til andre			0
Overføring offer til anna verksemd	190.277	290.000	184.409
Overføring minnegåver	43.127	25.000	13.275
Overføring av innsamla midlar	141.785	125.000	90.667
Tilskot/gåver til andre	1.009	7.000	12.990
Tilskot til kurs og kr. verksemd	6.000	11.000	5.600
<b>Overføringer</b>	<b>3.759.694</b>	<b>3.871.315</b>	<b>4.054.898</b>
Renteutgifter, lånekostnader	109.334	72.000	74.286
Avdragsutgifter	964.850	115.000	945.125
Kjøp av andelar	0	0	0
Avsetjing disposisjonsfond	142.938	0	0
Avsetjing til bundne fond	1.521.994	85.000	1.259.850
Regnskapsmessig overskot	205.386	0	142.940
Avskrivningar	464.752	0	464.752
<b>Finansutgifter</b>	<b>3.409.254</b>	<b>272.000</b>	<b>2.886.953</b>
<b>Sum DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>14.818.638</b>	<b>11.880.843</b>	<b>14.761.757</b>

**Tabell 3: Oversikt over offer/kollekt til eige og eksterne formål**

**Eige formål\***

Ulstein sokn - Diakoniarbeidet	18.312
Ulstein sokn - Trusopplæringa	11.463
Ulstein sokn - Undervisningsarbeid	20.832
Ulstein sokn - Barne- og ungdomsarbeidet	41.408
Ulstein sokn - Kyrkjemusikkarbeidet	13.603
Ulstein sokn - Nytt kyrkjebygg	73.551
<b>Totalt, eige formål</b>	<b>183.783</b>

**Eksterne formål\***

Blå Kors	4.261
Barnevakten	5.004
Den norske Israelsmisjon	5.567
Det Norske Misjonsselskap	6.773
Det Norske Misjonsselskap v/ Kjeldsund leirstad	6.782
Det Norske Misjonsselskap (Ulstein sokn sitt misjonsprosjekt)	16.987
Institutt for Kristen oppseding	3.529
KFUK/M Speidarane, Sunnmøre krins	4.551
KFUK/M Speidarane i Ulstein	8.874
TV-aksjonen Kirkens Bymisjon	14.463
Kirkens Nødhjelp	30.347
Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep	7.751
Kirkens SOS Møre og Romsdal	3.909
KRIK (lokalt)	5.372
Menneskeverd	5.025
Misjonsalliansen i Kambodsja v/ Anders og Karen Myrene	7.747
Norges KFUK/M, Møre og Romsdal krins	9.594
Norges kristelige student- og skuleungdomslag	1.882
Sjømannskirken	10.249
Stefanusalliansen	6.142
Sunnmøre Folkehøgskule	3.367
Sunnmøre Folkehøgskule sitt solidaritetsprosjekt	8.422
Søndagsskulen - Sunnmøre krins	3.722
Søndagsskulen i Ulstein	5.925
Ulstein KFUK/M	5.925
Ulstein TenSing	7948
Åpne dører	3784
<b>Totalt, eksterne formål</b>	<b>205.355</b>

\*Beløpa er runda av til nærmeste krone.

# Kontakter / Kommunikasjon

---



## Kontakt med Ulstein kommune

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunen sin representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd og dette er med i å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss ein viktig kontakt inn i dei politiske organa. I 2018 vart det også inngått ein fornya avtale mellom Ulstein sokn og Ulstein kommune for nye fire år (2019-2022). Denne avtalen er eit godt grunnlag og gjev oss føreseielege rammer for arbeidet vårt. Det har vore møter med jamne mellomrom mellom rådmann og kyrkjeverje og det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen.

Vi får god støtte og hjelp av teknisk etat – ikkje berre rein praktisk via tenesteytingsavtalen. Vi fekk også god rådgjeving ved dei store innkjøpa av gravemaskin og traktorklipper.

## Kontakt med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leiar prestetenesta i prostiet og er med dette nærmeste overordna for prestane. Gjennom prosten sitt initiativ har vi ein årlig prostidag for alle tilsette i prostiet. Prosten deltek også regelmessig på samlinga til kyrkjevergene og har årlege møter med stab og sokneråd.

## Kontakt med Møre Bispedømeråd

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjer 50% av lønskostnadene til desse stillingane.

I 2018 fekk vi godkjent lokal plan for trusopplæring og sendte inn lokal diakoniplan til godkjenning.

I samband med bygging av Ulstein nye kyrkje står vi også i god dialog med bispekontoret sin rådgjevar. Besøk av undervisningsrådgjevar i samband med evaluering av trusopplæringsarbeidet var til god inspirasjon for arbeidet vidare.


Hausten 2018 har vi også utarbeidd visitasmelding og program for bispevisitas 2019.

## Kyrkjesida i Vikebladet / Vestposten

Med kyrkjesida i Vikebladet når vi fram til 3.013 papirabonnenter (tal frå 2017). Med 6622 medlemmar/tilhøyriige i kommunen er dette ei verdig ordning for å orientere lokalsamfunnet om folkekirkja sin aktivitet og arbeid. Vi har eit godt samarbeid med lokalavisa vår og leverer annakvar veke informasjon om komande gudstenester i Hareid og Ulstein, samt omtale og informasjon om "Nytt frå Ulstein kyrkjelyd".

## Nettsider og sosiale media

Heimesida til Ulstein sokn, [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no), er ein nettstad der vi gjer informasjon om kyrkjelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid tilgjengeleg for publikum. Dei fleste brukar påmeldingsløysinga for å melde barna til dåp, ungdom til konfirmasjonsundervisning eller borna til trusopplæringstiltak. Omtale av søndagens tema og eit preikearkiv på våre heimesider har blitt viktig for mange. Nyhende og informasjon om arrangement blir som regel delt vidare på Ulstein kyrkje si Facebook-side. Vi opplever Facebook som ein kanal der vi når godt ut til mange. Nær 1000 personar har abonnert på Ulstein kyrkje si Facebook-side.



*Ulstein Sokn*  
*Årsmelding 2018*

[www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*